

Bakkeplanering på Myklebust

31.05.2008

Kommunen har no gjeve Olav Hjetland Bringedal på Myklebust igangsettingsløyve for tipp/bakkeplanering som Brødrene Musland Maskin skal gjennomføra.

I vilkåra for løyvet heiter det at det berre skal tippast organiske massar som jord, røter, grus og stein. Det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeidet må det stansast og fylkeskonservatoren må straks på melding om funna.

Når det er tilført nok massar, skal arealet slettast og dyrkast. Massane skal sikrast mot å renne ut over dyrka mark og ut i elva.

Når tippen er lukka skal den midlertidige tilkomstvegen takast vekk og arealet tilbakeførast til dyrka mark.

Uskedal Grunn- og Elveigarlag ved leiar Kåre Vetthus kan ikkje sjå at fyllplassen vil vera til ulempe for elva, men peikar på at den bør haldast så langt frå denne at det ikkje oppstår fåre for forureinande avrenning.

Av Ola Matti Mathisen